

## Møteprotokoll

### Studiestyret ved Det humanistiske fakultet

**Dato: 15.04.26**

#### Møtt:

Camilla Brautaset (dekan), Aidan Conti (LLE), Jesse Tomalty (FOF), Christian Sæle (AHKR), Kari Jegerstedt (SKOK), Birger Solheim (IF), Gry Ane Lavik (UB), Tord Varhaug Lie (studentrepresentant) og Sara Sørholt (studentrepresentant).

#### Frå studieseksjonen:

Julie Alver Tønsaker, Hanne Svanholm Misje, Ellen Vikersveen og Rebekka Nistad.

#### Observatører:

Deirdre Smith (IF) og Signe Nilssen (LLE).

**Meldt forfall:** Heming Gujord (visedekan)

#### I **Godkjenning av innkalling og saksliste.**

Godkjend.

#### II **Godkjenning av protokoll frå møtet 11.03.26.**

Godkjend.

#### III **Orienteringssaker**

##### **SAK 13/26 Søknadar om midlar til kvalitetsutvikling i 2026**

Hanne Misje orienterte om saken og inviterer til diskusjon om mogleg samkøyring av initiativ frå fakultetet.

Representantane presenterte dei ulike lokale initiativa, og det er stor aktivitet knytt til desse midlane på institutta. Det er fleire initiativ som delvis overlappar, eller som gjerne kan overlappe, og det er eit ynskje å samkøyre initiativa der det er mogleg. Institutta sender inn ei skriftleg oversikt over dei ulike søknadsinitiativa, og fakultetet ser om det er mogleg/behov for felles koordinering.

**IV Vedtakssaker**

**SAK 14/26 Rapport frå ekstern fagfelle, russisk**

Vedtak Studiestyret tar rapporten til orientering.

**Sak 15/26 Studieporteføljeprojektet**

Aidan Conti presenterer spesialiseringane for studieprogramma i nordisk språk og litteratur, allmenn litteraturvitskap og norrøn filologi, slik dei ser ut etter endringane knytt til studieporteføljeprojektet. Alle program har fellesemne i 6. semester. Det nye fellesemnet mellom nordisk (litteratur) og allmenn litteraturvitskap skal takast i sjettemester, saman med bacheloroppgåva. I møtet blei det reist spørsmål om både omfanget av og nivået til semesteroppgåva det er lagt opp til i NORALLV (særleg formuleringa «Oppgåva er eit sjølvstendig forskingsarbeid og skal ha eit omfang på inntil 5000 ord). Studiestyret ber fagmiljøa om ei nærare utgreiing av bakgrunnen for storleiken og nivået på semesteroppgåva i NORALLV.

**Vedtak** Studiestyret godkjenner dei framlagde spesialiseringane og fellesemna.

**V Eventuelt**

Ingen saker under eventuelt

Bergen, 21.04.26.

Camilla Brautaset  
dekan

Julie Alver Tønsaker  
studiesjef